

Arkivsaksnr: 2014/7411-0

Saksbehandlar: Linn Myrvold

Dato: 13.01.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Verneområdestyret for Geiranger - Herdalen	3/2015	

Geiranger-Herdalen landskapsvernområde- Tilbod om å overta forvaltningsansvar for Hyskjet naturreservat i Stranda kommune

Miljødirektoratet har på oppdrag frå Klima og miljø -departementet sendt ut brev til berørte kommunar med invitasjon til å overta forvaltningsmyndighet for dei mindre verneområda med mål om å delegere forvaltningsmyndigheit til dei kommunane som ynskjer det. Dette gjelder for små verneområdar som pr. dags dato ikkje forvaltas av nasjonalpark/verneområdestyrene og som i sin heilheit ligg innafor ei kommune. Dersom kommunane skal kunne overta forvaltningsmyndigheita er det ei føresetnad er at dei har nødvendig kompetanse og kapasitet.

Miljødirektoratet har i brev datert 4. des. 2014 gjort ei vurdering på at det er mest hensiktsmessig at verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde overtar forvaltningsansvar for Hyskjet Naturreservat i Stranda kommune. Området har fram til i dag vært forvalta av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Dersom kommunen ikkje vil overta forvaltningsmyndigheit for Hyskjet NR vil Fylkesmannen fortsette å ha forvaltningsmyndigheit.

I forbindelse med tilbodet om forvaltningmyndigheit visas det til tidlegare delegeringsvedtak og fastsette vedtekter for styret. Det er styret sjølve som må sette av nødvendige ressursar til administrasjon og saksbehandling, eventuell delegering av forvaltningsansvar vil ikkje innebere tilførsel av ekstra ressursar.

Miljødirektoratet må ha tilbakemelding på om verneområdestyret ønskjer å overta forvaltningsmyndigheita innan 1. mars 2015.

Forslag til vedtak

Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde ønskjer med dette å takke ja til tilbodet om å overta forvaltningsmyndigheita for Hyskjet Naturreservat. Det vurderas dit at verneområdestyret har den nødvendige kompetanse og kapasitet som krevjas. Verneområdestyret har allereie forvaltningsmyndigheit for Kallskaret naturreservat og det er naturleg at også forvaltningsansvaret for Hyskjet naturreservat blir overført til verneområdestyret med tanke på at reservatet er omkransa av landskapsvernområdet.